




ULSTEIN KOMMUNE



Plan for habilitering og rehabilitering Samarbeid og samordning

September 2013

Ein plan som sikrar brukarar med behov for koordinerte tenester eit samordna og heilskapleg tilbod med vekt på brukarperspektivet



www.ulstein.kommune.no



Adresse for koordinerende eining:

Alvehaugen, Sjukeheimsvegen 18
6065 ULSTEINVIK

Tlf. 70 01 78 15 / 982 30 637
e-post: kari.janne.ringstad@ulstein.kommune.no

Plangruppe for evaluering av planen:

Leiar for PPT, Ingrid Evebø Haug
Leiande helsesøster, Kristin Meli
Leiar for koordinerende eining, Kari Janne Ringstad, prosjektleiar

Planen vert rullert kvart 4. år.

Ulsteinvik, 2. september 2013

INNHALD

1. FORORD	side 3
2. MÅL FOR KOORDINERANDE EINING	side 4
3. MÅLGRUPPE/BRUKARAR	side 4
3.1 Kven kan ha behov for habilitering / rehabilitering?	side 4
3.2 Brukarmedverknad	side 5
3.3 Universell utforming/god tilrettelegging	side 5
3.4 Individuell plan	side 5
4. ORGANISERING	side 5
5. SAMARBEID I KOMMUNEN	side 6
5.1 Ansvarsgruppe	side 6
5.2 Tiltaksmøte	side 6
5.3 Torsdagsmøte	side 6
5.4 Tilrettelagde tenester	side 7
6. LOVER OG FORSKRIFTER	side 7
6.1 Helse- og omsorgstenestelova	side 7
6.2 Lov om St.meld.nr 21 Ansvar og meistring. Mot ein heilskapleg rehabiliteringspolitikk	side 8
6.3 Opplæringslova	side 9
6.4 Forskrift om habilitering / rehabilitering	side 9
6.5 Forskrift om individuell plan	side 9
7. SATSINGSOMRÅDE	side 10

1. FORORD

Nokre av innbyggjarane i Ulstein kommune er født med behov som gjer at dei treng hjelp frå fleire instansar (habilitering). Desse instansane bør samarbeide og samordne seg for å gi nødvendig assistanse.

Andre innbyggjarar i Ulstein kommune har fått nedsett funksjonsevne seinare i livet. Kommunen arbeider for å gi desse størst mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet. Dette vert kalla rehabilitering.

Ein plan for habilitering og rehabilitering skal sikre at personar som har ulike behov får tilbod om tilpassa tenester. Dette kan medverke til stimulering av eiga læring, motivasjon, auka funksjons- og meistringsevne, likeverd og deltaking.

Målgruppa er alle som har behov for assistanse for å oppnå eller halde ved like sitt optimale fysiske, sansemessige, intellektuelle, psykiske og sosiale funksjonsnivå. Dette fordrar innsats frå fleire faggrupper og tenesteområde.

Det er viktig å sikre forankring og eigarforhold i alle ledd, administrativt, fagleg og politisk.

Planen skal setje brukaren i sentrum. Brukarmedverknad bør takast på alvor og planen skal ha fokus på **deltaking og meistring**.



2. MÅL FOR KOORDINERANDE EINING

- Brukarar med behov for koordinerte tenester skal vite kvar dei skal vende seg for å få hjelp
- Brukarane opplever tenestetilbodet som samordna, koordinert og individuelt tilpassa
- Brukarane opplever at brukarmedverknad fungerer, og at tiltak og tenester tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar
- Å gi menneske med nedsett funksjonsevne livskvalitet og meistring i kvardagen. Universell utforming ligg til grunn for utforming av kommunale tenester, planar, nybygg, m.m.

Oppgåvene til koordinerande eining

- Registrere rehabiliteringsbehov
- Vere fast adresse og knutepunkt for samarbeid mellom kommunen, fylket og dei statlege institusjonane for å sikre brukarane sine behov for teneste
- Sikre gode rutinar for opplæring og utarbeiding av individuell plan og ha oversikt over oppretta individuelle planar i kommunen
- Ha oversikt over ansvarsgrupper i kommunen
- Sikre brukarperspektiv
- Vere lokal pådrivar for kompetanseheving av habilitering og rehabilitering
- Ha oversikt over behov og kapasitet i kommunen si rehabiliteringsavdeling
- Nært samarbeid med spesialisthelsetenesta
- Samarbeid med brukarorganisasjonar
- Evaluere kommunen sin rehabiliteringsplan

3. MÅLGRUPPE/BRUKARAR

3.1 Personar som kan ha behov for habilitering eller rehabilitering

- Personar med medfødt funksjonssvikt
- Personar som på grunn av skade eller sjukdom har hatt eit brått fall i evna til å fungere i dagleglivet
- Personar med gradvis fall i funksjonsevne over lengre tid
- Personar med kroniske sjukdomar
- Personar med fysiske, psykiske og sosiale problem
- Personar med problem på grunn av misbruk av alkohol eller narkotiske stoff

- Personar som treng hjelp til planlegging av nye situasjonar i livet, til dømes ved overgang frå barnehage til skule, mellom ulike skular, frå skule til arbeidsliv og ved ny busituasjon

3.2 Brukarmedverknad

Brukarmedverknad står sentralt i arbeid med habilitering og rehabilitering.

Vi skal vise respekt for den einkilde sitt menneskeverd. Utgangspunktet skal vere mennesket sin rett til sjølv å bestemme over vitale livsforhold og til å formulere eigne mål. Eit brukarperspektiv vil sikre størst mogleg grad av eigen kontroll over prosessen. Dette inneber at brukarane vert tekne med i ei jamleg evaluering og kvalitetssikring av tenestene.

3.3 Universell utforming / god tilrettelegging

- Universell utforming betyr at omgjevnader og produkt er utforma slik at dei kan brukast i størst mogleg grad, utan behov for tilpassing eller spesiell utforming. Universell utforming skal sikre tilgjenge på likeverdige vilkår.
- Ein føresetnad for å oppnå deltaking i samfunnet, er tilgjengelegheit.
- For å oppnå god tilrettelegging kan det handle om planlegging og utforming av uteområde, bygningar, transport og produkt. For brukarane er universell utforming eit verkemiddel for likestilling, for slik å kunne unngå diskriminering.

3.4 Individuell plan

Den som har behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosiale tenester har rett til å få utarbeidd individuell plan. Rett til individuell plan betyr at tenestemottakar har rett til ein plan som syner eit heilskapleg tenestetilbod, som samanfatar behov og tiltak.

Ulstein kommune nyttar det internettbaserte verktøyet SAMPRO i arbeidet med individuelle planar.

4. ORGANISERING

- Etter *Helse- og omsorgstenestelova* om habilitering og rehabilitering, skal det vere ei koordinerande eining for habilitering og rehabilitering i kommunen.

Tenestene skal vere synlege og lett tilgjengelege for brukarar og samarbeidspartar.

- Ein fast person er leiar for den koordinerande eininga i Ulstein kommune.
- Koordinerande eining er administrativt knytt til Helse- og omsorgsetaten. Eininga er forankra i eit overordna leiarnivå, og er sikra styringsmynde på tvers av sektorar og verksemdar.
- Koordinerande eining har ei rådgivande gruppe. Gruppa består av leiar for koordinerande eining, leiande helsesøster og leiar for PPT. Gruppa kan knytte til seg fleire fagpersonar ved behov.
- Gruppa vil mellom anna ta ansvar for å arrangere temadagar i kommunen, med bakgrunn i faktiske behov for kompetanseheving.
- Gruppa møtest minimum 4 gongar i året.
- Rehabiliteringssaker som krev koordinerande tiltak på tvers av sektorar og fag skal meldast til koordinerande eining. Leiar for koordinerande eining drøftar saka med den/dei det gjeld, og melder den opp til torsdagsmøte. Torsdagsmøte skal vurdere oppretting av ansvarsgrupper.
- Koordinerande eining skal ta stilling til og har mynde til å fatte vedtak om oppretting av individuell plan.

5. SAMARBEID

5.1 Ansvarsgruppe - jf “Retningslinjer for ansvarsgrupper og søknad om individuell plan” – denne ligg på kommunen si webside www.ulstein.kommune.no .

I Ulstein kommune arbeider vi etter ein modell med bruk av ansvarsgrupper, der målet er å samordne tenestene betre.

Ansvarsgruppe er eit formalisert og tidsavgrensa samarbeidsforum for brukar, pårørande og tenesteutøvarar, både på første- og andrelinjenivå.

Formålet med ansvarsgruppe er å samordne tiltak frå ulike yrkesgrupper og fagfelt. Ansvarsgruppe vert nytta som reiskap i koordinering når brukar ynskjer det.

Ansvarsgruppe må setjast saman slik at den gir optimal fagleg kunnskap, oversikt og koordinering av ressursar.

5.2 Tiltaksmøte er eit møte der alle vedtak på tenester knytt til Omsorg vert fatta.

5.3 Torsdagsmøte er eit samhandlingsforum mellom helse-, omsorgs- og oppvekstetaten i kommunen. Hensikta er at det skal vere enkelt å nå sentrale personar i sentrale stillingar. Faste medlemmer er kommuneoverlege, kommunalsjef

for helse- og omsorg, kommunalsjef for oppvekst, leiar for NAV, barnevern, helsestasjon, koordinerende eining og PPT.

5.4 Tilrettelagde tenester

- Koordinerende eining
- Helsestasjon
- Legeteneste
- PPT
- Heimeteneste
- Ergoterapiteneste
- Fysioterapiteneste
- Korttids- rehabiliteringsavdeling
- Psykiatriteneste
- Dagsenter for vaksne og eldre
- NAV
- Tannhelseteneste
- Ulstein kompetansesenter, pedagogisk ressurscenter inn mot barnehage, grunnskule og vaksne
- Skollebakken aktivitetshus
- Ulstein sanse- og aktivitetssenter
- Familievernkontoret
- Barnevern

Meir informasjon om dei ulike tenestene, sjå kommunen si webside.

6. LOVER OG FORSKRIFTER

6.1 Helse- og omsorgstenestelova

Definerer i § 3-2 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester.

Kommunen skal kunne tilby:

1. Helsefremjande og førebyggende tenester, herunder
 - helseteneste i skular
 - helsestasjonsteneste
2. Svangerskaps- og barselomsorgstenester

3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar, herunder
 - legevakt
 - heildøgns, medisinsk akuttberedskap
 - medisinsk nødmeldetjeneste
4. Utredning, diagnostisering og behandling, herunder fastlegeordning
5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering
6. Andre helse- og omsorgstenester, herunder
 - helsetenester i heimen
 - personleg assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt
 - plass i institusjon, herunder sjukeheim
 - avlastningstiltak

6.2 St.meld.nr 21 “Ansvar og meistring. Mot ein heilskapleg rehabiliteringspolitikk”

Stortingsmeldinga set fokus på rehabilitering og førebyggjande helse. Medisinsk rehabilitering skal sjåast på som eitt av fleire bidrag som inngår i ein større heilskap. Meldinga gir ei ny forståing av rehabiliteringsomgrepet. Med denne meldinga er det slått fast at rehabilitering skal drivast på tvers av sektorar og fag, og at verksemda skal involvere meir enn berre helsetenester.

I meldinga heiter det mellom anna:

Sosial -og helsedepartementet vil

- tydeleggjere krava til rehabiliteringsverksemd i kommunane gjennom forskrift til kommunehelselova, der det mellom anna vert stilt krav om å syte for ein koordineringsfunksjon i rehabiliteringsarbeidet som skal framstå som ein fast og tydeleg instans ein kan vende seg til, og som kan fungere som pådrivar for utvikling og gjennomføring av planar - både i forhold til ulike sektorar og til ulike forvaltningsnivå.
- fremje forslag om at kommunane skal påleggjast plikt til å etablere ordninga med personleg assistent på same måte som for andre sosiale tenester.
- vurdere rehabilitering i sjukeheim i samanheng med ei generell utgreiing om kva funksjonar sjukeheimar skal ha.

Meldinga omtalar også rehabilitering i spesialisthelsetenesta, fylkeskommunen sitt ansvar og det statlege ansvaret for rehabilitering.

6.3 Opplæringslova

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er heimla i Opplæringslova og er ei teneste for barn, unge og vaksne med særlege opplæringsbehov. PPT skal bidra til at barn, unge og vaksne med særlege behov får gode og likeverdige opplærings- og utviklingsmuligheiter. Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling og leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal syte for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Tenesta samarbeider med andre instansar som til dømes psykiatriske poliklinikkar, helsestasjonar, NAV og barnevern.

6.4 Forskrift om habilitering og rehabilitering

Formålet med forskrift om habilitering og rehabilitering er å

- sikre at personar som har behov for habilitering og rehabilitering vert ytt tenester som kan bidra til eiga læring, motivasjon, auka funksjons- og meistringsevne, likeverd og deltaking.

Forskrifta sikrar at tenestene vert gitt

- ut frå eit brukarperspektiv
- samordna, tverrfagleg og planmessig
- nærast mogleg brukaren sitt kjende miljø
- i ein meningsfylt samanheng

6.5 Forskrift om individuell plan

Den som har behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosiale tenester har rett til å få utarbeidd individuell plan. Rett til individuell plan betyr at tenestemottakar har rett til ein plan som syner eit heilskapleg tenestetilbod, som samanfattar behov og tiltak. Ein individuell plan gir ikkje rettskrav på bestemte tenester eller omfanget av desse. Planen skal skissere nødvendige tiltak, kven som er ansvarlege på ulike nivå, korleis dei ulike tiltaka skal tilpassast den enkelte sine behov, samt kven som er samarbeidspartar saman med brukar.

Individuell plan skal omfatte alle tenesteområde og forvaltningsnivå. Det er viktig at planar som er utarbeidde for ein person, som individuelle opplæringsplanar, omsorgsplanar, tiltaksplanar m.m. vert samordna og tilpassa den overordna individuelle planen.

7. SATSINGSOMRÅDE

- Informasjon om habilitering og rehabilitering skal vere tilgjengeleg for alle og det skal vere lett å finne fram til rett teneste via kommunen si webside.
- Ulstein kommune skal gi gode og likeverdige tenester til alle innbyggjarar.
- Ulstein kommune skal ha tilstrekkeleg med fagpersonell som kan legge til rette for eit godt habiliterings- og rehabiliteringstilbod til dei som treng det.
- Det er behov for å få frigjort plassar til korttids- og rehabilitering og det er behov for frigjering av personell til å jobbe med fokus på rehabilitering.
- Kommunen bør arbeide for å få til eit betre tilbod for avlastning til familiar med store omsorgsoppgåver.
- Tilbodet om avlastning bør tilpassast individuelt og det bør gjevast avlastning i heimen, dersom heimen er påvist å vere den beste arena.
- Ulstein kommune skal gi tilbod om rehabilitering i heimen der det er gjennomførleg.

